

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/171 - 20/78191

Saksbehandlar:
Lennart Falkenberg-Arell
lennart.falkenberg-
arell@alver.kommune.no

Dato:
08.12.2020

Avklaring om merknadspunkt for Meland kyrkjegard

Detaljreguleringsplan for Meland kyrkjegard, planID 125620180002

Det er eit punkt i uttale frå Vestland fylkeskommune ved offentlig ettersyn og høyring som må avklarast før administrasjonen i Alver kommune kan leggje fram eit komplett alternativt forslag for løysing av motsegnet til politisk handsaming i kommunen.

Tilkomst for drift ved gravfelt framfor Meland kyrkje

Planforslaget slik det no ligg føre, legg opp til at dagens tilkomst for drift til gravfeltet framfor kyrkja via fylkesvegen skal stengjast og erstattast med ein ny avkøyrsløse via o_SV3.



Vestland fylkeskommune sist ved brev datert 14.1.2020 uttalte følgende;

«Vi viser til tidlegare fråsegn i saka om at vi ikkje finn det naudsynt med eigen tilkomst for drift av kyrkjegarden i denne delen (sørvest), dersom ein fjernar eller flyttar den garasjen som ligg i nordaust-enden. Dette er òg noko som har vore drøfta i dialogmøte med kommunen. Vi meiner framleis at det med omsyn til heilskapen til kyrkjegardsanlegget vil vere den beste løysinga å ikkje ha eigen tilkomst gjennom kyrkjegardsmuren i den vestre delen, korkje med noverande eller ny plassering.»

Forslag til løysing til avklaring

Administrasjonen i Alver kommune ynskjer ei endeleg tilbakemelding frå fylkeskommunen til følgjande forslag;

Ny tilkomst for drift via o_SV3 vert teken ut av planen, mot at dagens tilkomst via fylkesvegen ikkje vert steng så ein slepp og flytta eller riva eksisterande garasje.

Viss fylkeskommunen ikkje godtek forslaget og krev at ny avkøyrsløp vert teken ut av planen, dagens tilkomst må stengjast og garasjen må flyttast eller rivast, ber vi om at det vert stadfesta i tilbakemeldinga.

Uttalefrist vert sett til 23.12.2020

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Lennart Falkenberg-Arell
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Vestland

Kaigaten 9

5020 BERGEN

Mottakarar:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN